



Rådet for menneskjer med nedsett funksjonsevne  
FFO-Hordaland  
SAFO-Vest

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)  
201300819-7/146/NGRU

Dykkar ref.:

Bergen, 16. desember 2013

## BRA-midlar for 2015 - Søknader frå Hordaland fylkeskommune

Som de kjenner til søkte Hordaland fylkeskommune om tilskot til desse 4 prosjekta, i prioritert rekkefølge, frå den statlege ordninga for auka tilgjenge til kollektivtransporten for 2014:

- 1- Kartlegging og prosjektering av universelle utformingstiltak på fylkeskommunale ferjekaier.
- 2- Opprusting av 20 sentrale haldeplassar til universell utforming.
- 3- Einskapleg informasjon på sentrale terminala.
- 4- Utviding av Skyss sin mobilbillett til alle takstsoner i fylket.

Vi reknar med at vi rett etter inngangen til 2014 vil bli gjort kjent med om Hordaland fylkeskommune får tilskot til nokre av desse prosjekta. Samstundes vil vi truleg få vite om den statlege ordninga vert vidareført for 2015.

Dei siste åra har søknadsfristen for innsending av søknader til BRA-midlar vore 1. mars: Med bakgrunn i når fylkeskommunane får brev frå Statens vegvesen om at det kan søkjast om tilskot, tidspunkta for politisk handsaming, innhenting av forslag frå dei funksjonshemma sine organisasjonar og intern sakshandsaming i fylket, har ein måtta gå direkte til fylkesutvalet for endeleg politisk handsaming for å halde tidsfristen.


For at vi for dei eventuelle søknadane for 2015 skal kunne nå å handsame søknadane både i samferdselsutvalet (12.02.2014) og fylkesutvalet (19.-20.02.2014) før fristen ber vi om at de så snart som mogleg i januar kjem med tilbakemeldingar til samferdselsavdelinga om kva de meiner det bør søkjast om frå eventuelle BRA-midlar for 2015.

For å lette på arbeidet med å finne fram til områder / prosjekt som de meiner det bør søkjast om legg vi ved ein oversikt over prosjekt / tiltak som det har blitt søkt om, kostnader, tilskot, og om midlane er nytta frå oppstart i 2008 og fram til i dag.

I samband med handsaminga av søknadane frå fylkeskommunen i fylkesutvalet 21.03.13 sette Arbeidarpartiet og SV fram slik protokollmerknad:

«Arbeiderpartiet og SV vil kome attende til om vi må evaluera søknadsprosessen til denne ordninga, når resultatet for tildelinga for 2014 er kjent.»

Dette brevet med vedlegg vil og gå som e-post til organisasjonane for m.a. lette tilgangen til brevet, og vidare distribusjon innan organisasjonane.

Med helsing  
  
Håkon Rasmussen  
Fylkesdirektør samferdsel

  
Nils Egil Grude  
Seniorrådgjevar

## BRA-midler - Oversikt over søknader, tilskot og nytta midlar Hordaland fylkeskommune – Revidert desember 2013

År	Søknad	Tilskot	Nytta midlar	Rapport
2008	Prosjektering av Bystasjonen Kostnad 5 mill kr., søknad 3,750 mill kr	3,750	3,750	Ja
	Tiltak på Åsane, Loddefjord og Knarvik bussterminalar, kostnad kr. 1,2 mill. kr, søknad 0,9 mill. kr	0,9 mill. kr	0,9 mill. kr	Ja
2009	Oppgradering av dei 30 tyngste haldeplassane på dåverande fylkesvegar. Kostnad 12 mill. kr. , søknad 9 mill. kr	6 mill. kr	Midlane er ikkje nytta. Utarbeiding av plangrunnlag og anbudsgrunnlag er ikkje klar frå SVV	Ligger inne i byggeprogrammet for Bergensprogrammet.
	Kurs i u.u. for sjåførar. Kostnad kr. 75.000, søknad kr. 56.250	Kr. 56.250	Ja	Ja
	Ruteinformasjon på terminalar og haldeplassar. Kostnad 1,5 mill. kr. , søknad kr. 1.125.000	Kr. 1.125.000	Ja	Ja
	Pilotprosjekt for sanntidsinformasjon. Kostnad 8 mill. kr, søknad 5 mill. kr.	Ikkje tilskot		
	Før- og etterundersøkingar på Åsane og Loddefjord terminal og Bystasjonen. Kostnad kr. 565.000, søknad kr. 424.000	Ikkje tilskot		
2010	Oppgradering av haldeplassar mellom Osøyro og Tøsdalskiftet. Kostnad 3,7 mill. kr., søknad 2,775 mill. kr.	Kr. 2.200.000	Midlane er nytta.	Ja
	Informasjonssøyler på på sentrale haldeplassar. Kostnad 4 mill. kr., søknad 3 mill. kr	Kr. 1.650.000	Midlane er nytta	Ja
	Sjåfør opplæring. Kostnad kr. 725.500, søknad kr. 594.500	275.000	To prosjekt – Skyss ikkje iverksett. Tide gjennomførte opplegget	Ja
2011	Oppgradering av Storavatn terminal. Kostnad 7 mill. kr., søknad 6.250 mill. kr.	Ikkje tilskot		

År	Søknad	Tilskot	Nytta midlar	Rapport
	Opprusting av 32 ferjekaier. Kostnad 12. mill. kr., søknad 9 mill. kr.	Ikkje tilskot		
	Planmidlar til Voss trafikknutepunkt. Kostnad kr. 400.000, søknad kr. 300.000	Tildelt kr. 300.000	Midlane er nytta	Ja
	Stord kommune: Opparbeiding av busslommer i Stord sentrum	Tildelt kr. 4.200.000 Egenandel kr. 1.400.000		
<b>2012</b>	Vidareutvikling av info og skilting i Bergen sentrum. Kostnad 4 mill. kr., søknad kr. 3 mill. kr (Skyss-søknad)	Tildelt kr. 2.100.000		
	Prosjektering av bussterminaldelen på Voss trafikknutepunkt. Kostnad 10 mill. kr, søknad 7,5 mill. kr.	Ikkje tilskot		
	Oppgradering av Storavatn terminal. Kostnad 7 mill. kr., søknad 6.250 mill. kr.	Ikkje tilskot		
	Oppgradering av dei 20 tyngste haldeplassane. Kostnad 8 mill. kr, søknad 6 mill. kr.	Ikkje tilskot		
	Opprusting av 32 ferjekaier. Kostnad 12. mill. kr., søknad 9 mill. kr.	Ikkje tilskot		
	<b>Bergen kommune:</b> Søknad om oppgradering av 7 gangfelt i sentrale delar av Bergen til u.u. Kostnad kr. 1.700.000, Søknad kr. 1.275.000	Tildelt kr. 1.275.000		
	<b>Askøy kommune:</b> Søknad om oppgradering av 9 busshaldeplassar på kommunale vegar. Kostnad kr. 680.000 Søknad kr. 510.000	Tildelt kr. 510.000		
<b>2013</b>	Kartlegging av uu-tiltak på ferjekaiene Kostnad kr. 750.000 Søkt om kr. 560.000	Ikkje tilskot		
	Opprusting av snøggbåtkaia på Flesland. Kostnad kr. 600.000. Søkt om kr. 450.000	Ikkje tilskot		

	Informasjon på terminalar og knutepunkt (Skyss). Kostnad kr. 2.000.000. Søkt om kr. 1.500.000	Ikkje tilskot		
	Digital informasjon på mobil og web (Skyss). Kostnad kr. 2.000.000 Søkt om kr. 1.500.000	Ikkje tilskot		
	Implementering av nye salskanalar for Skyssprodukt (Skyss). Kostnad kr. 6.000.000 Søkt om kr. 4.000.000	Ikkje tilskot		
	Informasjonskampanje for å vise uu-tiltak i reisekjedene i Bergensområdet (Skyss) Kostnad kr. 900.000 Søkt om kr. 675.000	Ikkje tilskot		
	<b>Bergen kommune</b> Planlegging og opparbeiding av 4 snarvegar til Bybanestopp Kostnad kr. 2.450.000 Søkt om 25 %	Tildelt kr. 450.000		
	<b>Askøy kommune</b> Oppgradering av 8 kommunale busshaldeplassar Kostnad kr. 500.000 Søkt om kr. 400.000	Tildelt kr. 400.000		
<b>2014</b> Prioritet: 1	Kartlegging av uu-tiltak på ferjekaiene Kostnad kr. 750.000 Søkt om kr. 560.000			
2	Oppgradering av dei 20 tyngste haldeplassane. Kostnad 8 mill. kr, søknad 6 mill. kr.			
3	Einskapleg informasjon på sentrale terminalar. Kostnad: Kr. 2.000.000 Søknad: Kr. 1.500.000			
4	Utviding av Skyss sitt mobilbillett til alle takstsoner i fylket. Kostnad: Kr. 1.000.000 Søknad: Kr. 750.000			